



DET KONGELEGE BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Alle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn i
landet
Barne- og ungdomsorganisasjonar
Lokale- og regionale medverknadsorgan for ungdom

Dykkar ref

Vår ref
19/1944-

Dato
29. mai 2019

Invitasjon til å nominere kandidatar til prisen Årets ungdomskommune

Det er grunnleggjande viktig at alle barn og unge, uavhengig av kjønn, seksuell orientering, funksjonsnivå og bakgrunn får høve til å delta i samfunnet og å påverke samfunnsutviklinga. Dei unge må takast på alvor og deira synspunkt må gjevast vekt.

Dei unge bur i kommune-Noreg. Lokalmiljøa er difor den viktigaste arenaen for medverknad og gode oppvekstvilkår. Frå 2019 vil den tidlegare barne- og ungdomskonferansen til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) gjerast om til ein ungdomskonferanse med vekt på deltaking, medverknad, nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom ungdom, kommunar og andre aktørar. For første gang vil prisen til Årets ungdomskommune delast ut.

Eg vil med dette invitere dykk til å nominere kandidatar til Årets ungdomskommune 2019. Prisen er på 250 000 kroner, og vinnaren vert kunngjort på årets ungdomskonferanse 28. – 29. oktober i Oslo. Konferansen arrangerast i samarbeid mellom Bufdir og Oslo kommune, Bydel Grorud som vart kåra til Årets barne- og ungdomskommune 2017.

Kommunen som får prisen vert orientert om dette nokre dagar før konferansen.

Fylkesmennene, fylkeskommunane, kommunane, barne- og ungdomsorganisasjonane og lokale barne- og ungdomsråd eller liknande organ for barn og ungdom i kommunar og fylker har høve til å nominere kandidatar. Ein jury, nedsett av Bufdir, vil stå for utveljinga. Grunngevinga for nominasjonen bør ikkje omfatte meir enn tre A4-sider.

Dersom kommunen sjølv ikkje står som søkar, vil Bufdir informere kommunen om at den er nominert.


I 2019 vil følgjande kriterium bli tillagt særleg vekt: Kandidatane skal ha utmerka seg med særleg merksemd på di unge sine moglegheiter til å delta og medverknad som ein føresetnad for god, lokal ungdomspolitik. Dei unge sitt engasjement og synspunkt skal vere synlege i prosessar og vedtak. Kriteria som ligg til grunn for juryen si vurdering følgjer også vedlagt.

Nominasjon sendast til:
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
postmottak@bufetat.no

Frist for å nominere kandidatar er 1. september 2019.

Eg håpar på stort engasjement og mange sterke kandidatar.

Med helsing



Kjell Ingolf Ropstad